

Fra: Morten Storebø (morten.storebo@austevoll.kommune.no)

Sendt: 17.08.2017 15:15:40

Til: Eva Katrine Ritland Taule

Kopi: Helge Skugstad; Stina Nordbak; Erik Andreas Kyvig

Emne: 17/10212 Svar på førespurnad om vurdering av revidert plankart for delar av Austevoll

Vedlegg:

Hei

Eg viser til e-post fredag 04.08.2017, der du ber oss vurdere forslag med endringar i plankartet til regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger. I telefonsamtale med plan- og byggesakssjefen ber du om svar seinast innan utgangen av i dag, 17.08.17.

Innleiingsvis vil eg understreke at verken kommunestyret eller formannskap enno har vore samla etter sommarferien, slik at det ikkje har vore høve for oss å drøfte revidert plankart i noko politisk utval. Austevoll kommunes høyringsuttale på framlegg til kystsoneplanen gjer seg derfor gjeldande.

Forslaget med endring i plankartet er vurdert av ordførar, rådmann og fagavdeling. Endringane knyt seg til grønstrukturområdet på og rundt Storekalsøy og Hundvåkøy. Grønstrukturområdet som går frå nord, på og rundt Møkster, og sør til Fugløy og Stolmen, og vestover har ikkje vore gjenstand for endringar. I høyringsuttalen frå Austevoll kommune har ein mellom anna vist til at framlegg til kystsoneplan er i strid med gjeldande kommuneplan og fleire godkjente reguleringsplanar. I revidert plankart er det justert for delar av Storekalsøy og Hundvåkøy. Vidare er område med grønstruktur utvida noko aust i området. Me understrekar at det framleis er strid mellom planframlegget og kommuneplan på Møkster og Litlakalsøy.

Ordførar og rådmann er positiv til at revidert plankart er retta for det eine område for grønstruktur innanfor kommunegrensene våre, slik at det no tek omsyn til den gjeldande kommuneplanen. Dette var eit viktig innspel frå Austevoll kommune i den avgrensa høyringa. Prinsipielt må ei slik tilpassing gjerast andre stader i kommunen der det er strid mellom kommunale planar og framlegg til kystsoneplan. Den velviljen fylkeskommunen viser vonar me kan sørge for ein ny dialog for å sikre ein regional plan som tek viktige regionale omsyn, men som ikkje kjem i konflikt med kommunale mynde, samfunnsomsyn og framtidige utviklingsbehov.

Austevoll kommunestyre vedtek oppstart for revidering av kommuneplanane to delar i sitt møte i september i år. Dette er ei ordinær revidering av planen. Som ein del av dette arbeidet vil me ha stor merksemd på sjøområde, blant anna med kartleggingsarbeid og ny ROS-analyse. Fylkesmannen i Hordaland har òg oppmoda oss om å gå grundigare til verks i sjøområda ved revideringa av kommuneplanen. Endringar som er gjort i planframlegget til kystsoneplanen er positive, men understrekar samtidig ein openbar veikskap ved planframlegget: Nemleg at framlegget vert tilpassa gjeldande planar og no-situasjonen, men den vil naturlegvis vere til hinder for endringar som vil vere hensiktsmessige å gjøre når me skal revidere overordna kommuneplan (som kjem i strid med kystsoneplanen). Eit døme på dette er at eksisterande oppdrettslokalitetar er tekne inn i planen, men at framtidige areal ikkje kan nyttast ved strid med regional plan og uavhengig av om den kunnskapsbaserte, kommunale planprosessen vil kome til å vise at dette er å føretrekke.

Me meiner derfor det framleis gjenstår eit viktig stykke arbeid for at den regionale kystsoneplanen er eit teneleg styringsdokument, med ein tydelegare overordna og regional profil, som ikkje kjem i strid med planansvaret som ligg til kommunane, framtidig utviklingsbehov, med meir. Me viser til høyringsuttalen som er vedteken i Austevoll kommune.

Venleg helsing

Morten Storebø

ordførar

E-post: morten.storebo@austevoll.kommune.no
Telefon: 55 08 10 00

www.austevoll.kommune.no
www.facebook.com/austevollkommune

Saksnummer: 17/253

JPid:

Journaldato: 17.08.2017 Saksdato: 16.02.2017

Adresse **Epost /Web**

Austevoll kommune,
Birkelandsvegen 2,
5392 Storebø
Sentralbord: 55 08 10 00

postmottak@austevoll.kommune.no
www.austevoll.kommune.no